



Møre og Romsdal  
fylkeskommune

Nærings- og fiskeridepartementet  
Pb 8090 Dep  
0032 OSLO

Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Vår dato:
	21.06.2016	104277/2016/K63/&13 2016/7662	Rebekka Varne, 71 25 80 44	04.10.2016

## **Høyringssvar - Tiltak for å motverke negative miljøeffektar av behandling mot lakselus**

### **Følgjande samrøystes vedtak vart fatta i Fylkesutvalet – 19.09.2016**

Møre og Romsdal fylkeskommune støttar forslaget om forskriftsendring for å avgrense miljøpåverknaden frå legemiddelbehandling mot lakselus. Behandlingane mot lakselus har auka kraftig og miljøpåverknaden på andre marine organismar er ikkje kartlagt. Resultata som er rapportert viser at bruken kan ha større negativ verknad enn vi rekna med. Førevar-prinsippet må takast i bruk og restriksjonar bør bli innført.

1. Møre og Romsdal fylkeskommune tilrår bruk av dropp-soner på kort sikt. Møre og Romsdal fylkeskommune meiner det snarast må innførast krav om oppsamling og destruering av lus og kjemikalier frå badebehandling av oppdrettsfisk.
2. Møre og Romsdal fylkeskommune støttar forslaget om krav til god miljøtilstand for anlegg som skal bruke kitinsyntesehemmarar og eit krav om sedimentprøver for å måle mengde behandlingsstoff. Nærings- og fiskeridepartementet bør legge til rette for å finne ein standard analysemetode og grenseverdiar for kitinsyntesehemmarar i sediment.
3. Møre og Romsdal fylkeskommune meiner at 1. januar 2017 er ein hensiktsmessig dato for iverksetting av forskriftsendringa.

Med helsing

Jon Aasen  
Fylkesordførar

Bergljot Landstad  
Regional og næringssjef